



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Roan, Næringshagen
Dato: 02.03.2017
Tid: 19:00 – 21:00

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordfører	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordfører	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Anne Mette Hjort-Jensen	Medlem	AP
Momrak		
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Karl Rune Hansen	Anne Serine Nærum	AP
Björg Taraldlien Hopland	Kjell Sverre Thoresen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
2/17 – 6/17

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalgssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

PS 2/17	Referatsaker
PS 3/17	Julistengt barnehage
PS 4/17	Oppretting av styre for omstillingsprogrammet
PS 5/17	Klage på avgjerd om endringar i lokal struktur - Sør Øst politidistrikt
PS 6/17	Søknad frå Fyresdal Næringshage om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprosjekt

Fyresdal 21. februar 2017

Erik Skjervagen
ordfører

Fellestenesta
utvalssekretær

Spørsmål til saklista frå Tone I. Veum:

Sak 6 – Søknad frå Fyresdal Næringshage om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprosjekt – det er stor forvirring om kva som skal vedtakast i dag, då delar av innstillinga frå rådmannen vart vedteke i formannskapet.

Svar frå ordføraren:

Vi ser at saka kan vere noko forvirrande og beklager dette. Det som skal vedtakast i dag er tilskot til omstillingsprogrammet då dette er eit tilskot som gjeld for fleire år framover.

PS 2/17 Referatsaker

RS 6/17 Referat frå Vest-Telemarkrådet

RS 7/17 Orienteringar

RS 8/17 Årsrapport 2016 for skatteoppkrevjaren i Fyresdal

RS 9/17 Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Fyresdal kommune

I møtet:

- Orientering frå Arendal Vassdrags Brukseigarforening og Agder Energi om deira arbeid og spesielt om arbeidet med forsterking av Votnadammen som skal igangsettast rett etter påske.
- Invitasjon i opning av Frivillighetssentralen – 4. april kl 14.00
- Opning av Hamaren Aktivitetspark – 5. mai kl. 15.30
- Det kjem ein ny flyktningefamilie i mai og moglegvis ein i juli.
- Rådmannen ynskjer å redusere den vedtekne husleige i leiligheten i Tøddelia då det viser seg å vere svært vanskeleg å få leige ut med den vedtekne husleiga.
 - Kommunestyret ynskjer ei sak på dette til neste møte.

Spørsmål frå Elisabeth Gasmann:

Kva er status på Myskja-prosjektet? Kva er gjort og kva skjer framover?

Svar:

Det er gjennomført eit 3 dagers opplegg i skulen og i barnehagen, samt eit møte med sektor for helse og omsorg for å planlegge vidare prosjekt.

I april skal det gjennomførast stressmestringskurs, ein dag for personalet i helse og omsorg og ein dag for rådmannens leiargruppe, avdelingsleiarar og tillitsvalde.

I september skal det gjennomførast ein tilpassa Fyresdalmodell av Myskjaskulen som skal gå over 3 dagar.

PS 3/17 Julistengt barnehage

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune går ikkje inn for juli-stengt barnehage.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 02.03.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 02.03.2017

Fyresdal kommune går ikkje inn for juli-stengt barnehage.

Handsaming i Kommunestyret - 02.03.2017

Samrøystes i samsvar med vedtaket i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Fyresdal kommune går ikkje inn for juli-stengt barnehage.

PS 4/17 Oppretting av styre for omstillingsprogrammet

Innstilling frå rådmannen:

- Kommunestyret ynskjer at omstillingsstyret skal vere samansett av seks personar, derav tre politikarar og tre frå næringslivet i kommunen. Ordføraren blir leiar av styret.

Desse er:

Erik Skjervagen, leiar

.....
.....
.....
.....
.....

- Rådmannen deltek som observatør i omstillingsstyret.

- Næringssjefen er sekretær for omstillingsstyret inntil prosjektstyring/leiing er avklart.

Handsaming i Kommunestyret - 02.03.2017

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/ Nils Kristian Moe:

Frå Arbeiderpartiet: Erik Skjervagen som leiar og Martha S. Momrak

Frå Senterpartiet: Elisabeth Gasmann

Frå Landbruksnæringa: Aslak Snarteland

Frå Fyresdal Næringsorganisasjon: Linda Aas og Aslak Momrak

Vararepresentantar: 1. vara: Elise Lauvrak og 2. vara: Tor Inge Levang

Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal.

Fyrste vara har møteplikt og talerett, men ikkje stemmerett når styret er fulltallig.

Samrøystes for dei to fyrste punkta i framlegget.

3 røyster for seiste punkt.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Styret for omstillingskommuneprogrammet er:

Erik Skjervagen, leiar

Martha S. Momrak
Elisabeth Gasmann
Aslak Snarteland
Linda Aas
Aslak Momrak

1. vara: Elise Lauvrak
2. vara: Tor Inge Levang

Rådmannen deltek som observatør i omstillingsstyret.
Næringssjefen er sekretær for omstillingsstyret inntil prosjektstyring/leiing er avklart.

Leiaren har dobbeltstemme ved likt stemmetal.

PS 5/17 Klage på avgjerd om endringar i lokal struktur - Sør Øst politidistrikt

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune klagar til Justis- og beredskapsdepartementet på avgjerda Politidirektoratet har gjort med å legge ned lensmannskontoret i kommunen. Grunngevinga er argumentasjon som tidlegar har kome fram i saka, men primært grunngeve i at avgjerda er slutta i strid med nasjonalt krav som er sett til responstid, mangel på lokalkunnskap hos politiet for å kunne drive eit godt forebyggjande arbeid og ha beredskap etter veg og i heiområde.
- Fyresdal kommune ber om ei konkret og fagleg grunngeving for at kommunen som innleiingsvis i prosessen var tiltenkt eit kontor nå som ein av fire kommunar i Telemark har blitt valt bort og at det i Vest-Telemark har kome til to nye kontor.
- Fyresdal kommune **krev** at lensmannskontoret i kommunen blir oppretthalde.
- Dersom departementet skulle finne faglege og vel fundamenterte grunnar for ikkje å oppretthalde lensmannskontoret i kommunen ber vi om å få eit kontor som primært er knytt til lensmannen i Nissedal, sekundært til lensmannen i Kviteseid.

Handsaming i Kommunestyret - 02.03.2017

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/ Nils Kristian Moe:

Endring av seiste punkt i innstillinga frå rådmannen der ein stryk Nissedal og går kun for Kviteseid.

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen med endringa i framlegget frå Arbeiderpartiet.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

- Fyresdal kommune klagar til Justis- og beredskapsdepartementet på avgjerda Politidirektoratet har gjort med å legge ned lensmannskontoret i kommunen. Grunngevinga er argumentasjon som tidlegar har kome fram i saka, men primært grunngeve i at avgjerda er slutta i strid med nasjonalt krav som er sett til responstid, mangel på lokalkunnskap hos politiet for å kunne drive eit godt forebyggjande arbeid og ha beredskap etter veg og i heiområde.
- Fyresdal kommune ber om ei konkret og fagleg grunngeving for at kommunen som innleiingsvis i prosessen var tiltenkt eit kontor nå som ein av fire kommunar i Telemark har blitt valt bort og at det i Vest-Telemark har kome til to nye kontor.
- Fyresdal kommune **krev** at lensmannskontoret i kommunen blir oppretthalde.
- Dersom departementet skulle finne faglege og vel fundamenterte grunnar for ikkje å oppretthalde lensmannskontoret i kommunen ber vi om å få eit kontor som er knytt til

lensmannen i Kviteseid.

PS 6/17 Søknad frå Fyresdal Næringshage om utviklingsstøtte og tilskot til omstillingskommuneprosjekt

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune støyr FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til FNH for 2017. Det er ein føresetnad at styret for omstillingskommuneprogrammet og styret for FNH samordnar seg.
- Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at FNH og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein. FNH utarbeider plan for korleis dette kan gjerast.
- Fyresdal kommune yter 400.000 kr som årleg tilskot frå næringsfondet til omstillingskommuneprogrammet for perioden 2017-2019.

Handsaming i Formannskap - 15.02.2017

Erik Skjervagen og Olav Gisle Noraberg vart samrøystes kjent ugilde i saka då dei er styrerepresentantar i Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS. Torleiv Hvistendahl og Ingunn Lauvrak deltok i handsaminga som vara.

Framlegg frå formannskapet:

Fyresdal kommune støyr FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til Fyresdal Næringshage AS for 2017.

Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein.

Samrøystes for framlegget frå formannskapet.

Vedtak i Formannskap - 15.02.2017

Fyresdal kommune støyr FNH i at deira aktivitet har stort potensiale i samband med det kommunale omstillingsprogrammet og gir 500.000 kr som tilskot frå næringsfondet til Fyresdal Næringshage AS for 2017.

Fyresdal kommune vil at FNH skal prioritere utleige av ledige kontor, slik at Fyresdal Næringshage AS og FN Eigedom AS snarast råd kan stå på egne bein.

Handsaming i Kommunestyret - 02.03.2017

Framlegg frå ordføraren:

Fyresdal kommune yter 400.000 kr som årleg tilskot frå næringsfondet til omstillingskommuneprogrammet for perioden 2017-2019.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Kommunestyret - 02.03.2017

Fyresdal kommune yter 400.000 kr som årleg tilskot frå næringsfondet til omstillingskommuneprogrammet for perioden 2017-2019.